

## 1. Innleiing frå styret

“NTNU skal leggje premisser for kunnskapsutviklinga og skape verdier – økonomisk, kulturelt og sosialt.” Denne utsegna er henta frå NTNU sin nye strategi, som styret vedtok hausten 2011. Visjonen vi skal styre etter i den komande tiårs bolken er “kunnskap for ei betre verd”, som òg er tittelen på dokumentet. Universitetet sitt nasjonale og globale samfunnsoppdrag har såleis fått ein tydelegare plass i NTNU sine strategiar, på alle nivå i organisasjonen. Undersøkingar fortel oss at nordmenn meiner NTNU er eit universitet som tar stort samfunnsansvar og bidreg til verdiskapinga i landet. Det er eit omdømme vi er stolte av og som vi skal sørge for å leve opp til.

Styret er glad for at det omfattande strategiarbeidet som starta i 2010 er i mål. Ikkje berre har NTNU fått eit nytt overordna styringsdokument, men fakulteta har òg fornya sine strategiar. Prosessen har vore prega av brei involvering og stort engasjement, noko styret har lagt vekt på. No byrjar det krevjande arbeidet med gjennomføring. I haust har styret blant anna handsama budsjett og resultatkrav med sikte på å følgje opp dei ambisiøse måla vi har sett oss. Ei av dei viktigaste utfordringane NTNU har, er å konsentrere den faglege verksemda og skape fleire robuste fagmiljø som hevdar seg nasjonalt og internasjonalt. Langsiktig, grunnleggjande forskning og mogleggjerande teknologiar skal ha betre vilkår. Det krev at vi nyttar dei ressursane vi har meir effektivt, samstundes som vi jobbar for å utvide handlingsrommet.

Samarbeid og alliansar med leiande kompetansmiljø i inn- og utland vil vere eit viktig element framover. Internasjonalisering er eit mål i seg sjølv og eit verkemiddel i arbeidet for å betre kvaliteten og nå målet om å vere eit framifrå universitet. I 2011 har vi fått på plass ein internasjonal handlingsplan med konkrete mål og tiltak. Dette vil vere eit viktig verkty for leiinga i tida som kjem.

Den tverrfaglege profilen til og erfaringa frå samarbeid med samfunnet og bedrifter gir NTNU eit konkurransefortrinn innan nyskaping. Det er viktig å stimulere til auka innovasjon og nyskaping i heile breidda av fagområda våre. Effektiv nyskaping krev tett, sterk og profesjonelt samarbeid med næringsliv og offentleg verksemd. Vi ønskjer å styrke kommersialiseringa av forskingsresultat. Etableringa av NTNU Discovery og Helse Midt-Norge som medeigar i NTNU Technology Transfer AS, har vore to strategisk viktige grep på dette området i 2011. Styret er òg svært nøgd med at vi har fått hovudvertsskapet for den nasjonale forskarskulen i innovasjonsforskning.

Søkinga til NTNU sine studietilbod held fram med å vere på høgt nivå, både med omsyn til omfang og kvalitet. Ved hovudopptaket hausten 2011 auka talet på søknader med 8,1 % frå 2010, og om lag 900 fleire møtte til studiestart jamført med året før. Karaktarnivået har gått opp med 0,3 karakterpoeng i høve til i fjor, og NTNU er framleis på topp i Noreg når det gjeld kvaliteten på søkjarar. Vi merkjer oss òg at NTNU er det universitetet som har flest utvekslingsstudentar, nær 1500 i 2011. Ei undersøking frå TNS Gallup i februar 2011 syner at Trondheim har dei mest nøgde studentane i heile landet. Styret legg vekt på at NTNU skal styrkje posisjonen som leiande studiestad i Noreg. Det gjer vi ved å byggje vidare på det gode studentmiljøet, men òg ved å stramme opp studieporteføljen og heve kvaliteten ytterlegare på alle studieprogramma. Dette har vore fokusert i året som gjekk og vil bli følgt opp vidare i 2012.

På forskingssida har det vore mykje å glede seg over. I 2011 har fleire av våre fagmiljø hausta nasjonal og internasjonal heider, blant anna prestisjetunge forskingsprisar. I Forskingsrådet sin evaluering av biologisk, medisinsk og helsefagleg forskning, fekk fire faggrupper karakteren *excellent*, medan fem blei vurdert som *very good/excellent*. Drygt 30 % av alle gruppene fekk toppkarakterane 4 eller 5. Samstundes hamna ein like stor del på dei to dårlegaste karakterane. Styret er oppteken av at slike evalueringar, både dei gode og dei mindre gode, blir følgde opp i fagmiljøa, slik at forskingsverksemda oppnår kvalitet på godt internasjonalt nivå.

NTNU er aktiv innafor EU-forsking og den tredje største aktøren i Noreg i 7. rammeprogram. På slutten av fjoråret hadde vi over sytti prosjektdeltakingar som har gitt om lag 275 millionar kroner til verksemd ved NTNU i perioden 2008–11. Vi gjer det særleg godt i energiprogrammet, men har òg godt gjennomslag innafor helse- og materialprogramma. I tråd med strategien og handlingsplanane vil vi halde fram satsinga på internasjonalt forskingssamarbeid, også med institusjonar utanfor Europa.

For eit universitet som NTNU er tenleg og moderne vitenskapleg infrastruktur særskild viktig. I 2011 fikk vi tilslag i Forskingsrådet sitt INFRA-program på fleire store prosjekt, blant anna NORBRAIN, som NTNU leiår, og NORTEM, som blir leia av SINTEF. Vi fortsett med utbygginga av laboratorium og areal for CCS-forsking knytt til ECCSEL-prosjektet, men har framleis store utfordringar med omsyn til finansiering av tidsriktige bygningar for infrastrukturen. Styret vil ha særleg merksemd på dette og på andre delar av campus-utviklinga i tida som kjem. Det gjeld ikkje minst behovet for nye areal på Dragvoll, som er trongbudd med den studentveksten vi har hatt. Vidare vekst i kjernefaga til humaniora og samfunnsfag krev snarleg utbygging.

Helse, miljø og tryggleik har fått styrka merksemd i 2011. Eit trygt og godt arbeidsmiljø for tilsette og studentar er eit sjølvstøtt krav, men det er òg ein viktig suksessfaktor for eit universitet som ønskjer å bli betre på alle måtar. Difor er det naudsynt å halde trykket oppe når det gjeld HMS-arbeidet, og det vil styret følgje opp. På bakgrunn av Arbeidstilsynet sin rapport har det vore sett mykje inn på å fylgje opp pålegga så raskt som mogleg, og styret er nøgd med den innsatsen som er blitt gjort på alle plan i organisasjonen.

Når det er sagt, tyder alle undersøkingar på at vi jamt over har eit godt arbeidsmiljø og at studentar og tilsette trivst. Motiverte og nøgde medarbeidarar er det største aktivum eit universitet kan ha – sjølv utgangspunktet for å oppnå framgangar innafor forskning og utdanning. Takk vere dei, har NTNU nådd gode resultat i 2011 og tatt viktige steg framover.

Trondheim, 01.03.2012

Marit Arnstad  
Styreleiar